

Hemar Prosjekt AS
Fjellvegen 19
6265 VATNE

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/169, 26/18025

Arkivkode:
L42 328/204

Dato:
03.08.2026

Gbnr. 328/204 - Brattvåggata 70 - Bruksendring - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 139/26	Dato: 03.08.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak:	Oppdeling av bolig
Byggestad:	Gbnr. 328/204 Brattvåggata 70
Areal:	Uendra
Tiltakshavar:	Ernestine Fanjara
Ansvarleg søkar:	Hemar Prosjekt AS
Søknad komplett:	30.07.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for Brattvåg aust for Storgata og søknad i eitt steg om bruksendring og innreiing av underetasjen til ei ny, sjølvstendig bueining på gnr. 328 bnr. 204. Tiltaket er godkjent med avstandar til nabogrenser og andre bygg som vist på situasjonsplanen.

Protest frå nabo, eigar av gbnr. 328/894, blir tatt til følge. Du kan sette i gang arbeidet når klagefristen (3 veker) er ute.

Saksopplysningar

Vi viser til søknad Ett-trinn12 mottatt hos oss 19.05.2026 . Søknaden var komplett 30.07.2026.

For området gjeld følgande:

1. Reguleringsplan for Brattvåg aust for Storgata med føresegner, gjeldande frå 08.12.1983.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomen er i plan lagt ut til bustad formål.

Eigedomen er knytt til offentlig veg, privat vassverk og kommunal avløpsleidning. Det ligg føre tinglyst vegrett som gjev eigaren av gnr. 328 bnr. 204 rett til ferdsel over eigedomen gnr. 328 bnr. 410.

Tiltaket er nabovarsla. Vi har mottatt merknadar. Eigar av gbnr. 328/894 protesterer mot tiltaket.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad Ett-trinn¹² mottatt hos oss 19.05.2026 . Søknaden var komplett 30.07.2026.

Du har søkt om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på gnr. 328 bnr. 204 i eitt trinn.

Tiltaket gjeld bruksendring og innreiing av underetasjen i eit eksisterande bustadbygg frå tilleggsareal (BRA-e) til internt bruksareal (BRA-i) for etablering av ei ny, sjølvstendig bueining. Bustadbygget har tre etasjar, der dei to øvste etasjane er innreidde som to bustadseksjonar, medan underetasjen i dag er nytta til boder og lager. Tiltaket omfattar omdisponering av underetasjen til bustadføremål, etablering av ny tilkomst med biloppstillingsplass frå Arbeidargata og ny inngang på austsida av bygget. Vidare omfattar tiltaket nødvendige bygningsmessige arbeid og tekniske installasjonar for å oppgradere arealet til gjeldande bustadstandard.

Planmessige forhold og dispensasjonar:

De har søkt om dispensasjon frå arealformål forretning/kontor i reguleringsplan for Brattvåg aust for Storgata. Søknaden er grunngjeven med at *intensjonen med bestemmelsen er å legge til rette for at det skal kunne etableres forretningsdrift i tilknytning til Brattvåggata samtidig som det åpnes for bevaring og supplering av allereie eksisterende boligarealer innenfor arealet avsatt til Forretning/ kontor. Tiltaket som går ut på bruksendring til boligareal i form av ny boenhet, av underetasjen i en bygning som allerede er disponert til bolig, ligger innenfor handlingsrommet definert i reguleringsbestemmelsene. Det aktuelle arealet med sin beliggenhet og utforming, er ikke egnet til forretningsdrift. Intensjonen bak bestemmelsen anses derfor ikke som vesentlig tilsidesatt ved gjennomføring av tiltaket. Arealet i sin nåværende tilstand, har liten verdi i forhold til reguleringsformålet. Ved å oppgradere det til bolig, vil det komme til nytte og utgjøre en ressurs . Dette er en klar samfunnsmessig fordel ved at mer boligareal stilles til disposisjon i Brattvåg sentrumsområde. Det er ingen ulemper knyttet til tiltaket.*

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for forretnings- og kontorverksemd i sentrumsområdet. Samstundes går det fram av reguleringsføresegnene at eksisterande bustader innanfor området kan takast vare på og supplerast. Den aktuelle bygningen er allereie

nytta til bustad i dei to øvste etasjane, medan underetasjen i dag er nytta til boder og lager. Tiltaket inneber ei vidareføring av den eksisterande bustadbruken ved å innreie underetasjen som ei ny bueining.

Kommunen legg òg vekt på at eigedomen i kommuneplanen sin arealdel for Haram (vedteken 18.06.2020) er avsett til bustadføre mål. Det omsøkte tiltaket er dermed i samsvar med den nyaste og overordna arealplanen for kommunen. Dispensasjonen gjeld difor berre frå arealføre målet i den eldre reguleringsplanen frå 1983.

Vidare vurderer kommunen at den aktuelle underetasjen, ut frå plassering, utforming og tilkomst, har avgrensa eignaheit for forretnings- eller kontorverksemd. Bruksendringa vil difor ikkje i vesentleg grad redusere moglegheita for å nytte området til næringsføre mål eller undergrave intensjonen med reguleringsplanen. Kommunen meiner på denne bakgrunnen at omsyna bak reguleringsføre segna ikkje blir vesentleg sette til side.

Når det gjeld interesseavveginga etter plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, legg kommunen særleg vekt på at tiltaket inneber ei betreutnytting av eit eksisterande bygg utan nye arealinngrep. Eit areal som i dag har avgrensa nytteverdi som tilleggsareal, blir omgjort til bustadføre mål og bidreg til å styrkje bustadtilbodet i Brattvåg sentrum. Tiltaket er samstundes i samsvar med kommuneplanen sitt arealføre mål og fremjar ei berekraftig utnytting av allereie utbygde område.

Kommunen kan ikkje sjå at dispensasjonen vil medføre nemnande ulemper for naboar, omgjevnadene eller offentlege interesser. Tiltaket endrar ikkje bygningen sitt hovudpreg, og dispensasjonen vil ikkje skape uheldig presedens, då vurderinga byggjer på dei konkrete tilhøva på eigedomen, mellom anna at bygningen allereie er nytta til bustad og at kommuneplanen opnar for bustadføre mål.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at omsyna bak arealføre målet i reguleringsplanen ikkje blir vesentleg sette til side, og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd. Vilråa for å gje dispensasjon er dermed oppfylte.

Fråvik frå TEK17

Det er søkt om unntak frå krava til energieffektivitet i TEK17 § 14-3, jf. plan- og bygningslova § 31-4, i samband med bruksendring og innreieing av eksisterande underetasje frå tilleggsareal til bustadføre mål.

Etter plan- og bygningslova § 31-4 kan kommunen ved tiltak på eksisterande byggverk gi heilt eller delvis unntak frå tekniske krav dersom dette blir vurdert som forsvarleg ut frå omsynet til sikkerheit, helse og miljø. Ved vurderinga skal det mellom anna leggjast vekt på bygningen sin alder, type, formål, plassering og tekniske tilstand, forhold som kan redusere negative konsekvensar ved unntak, samt fordelane som oppnås med tiltaket.

Bygningen er eit eksisterande bustadbygg i tre etasjar, der dei to øvste etasjane allereie er innreidde som bustader. Underetasjen har tidlegare vore nytta som tilleggsareal med boder og oppbevaring. Tiltaket inneber ei oppgradering av eit eksisterande areal til bustadstandard, og

ikkje oppføring av eit nytt byggverk. Kommunen legg derfor vekt på at tiltaket må vurderast ut frå dei eksisterande konstruksjonane og dei føresetnadene bygningen har.

For ytterveggane er det søkt om unntak frå kravet til U-verdi. Eksisterande yttervegg består av 450 mm betongvegg med 150 mm isolert påføring, noko som gir ein berekna U-verdi på 0,22 W/m²K. Kravet i TEK17 § 14-3 er 0,18 W/m²K. Kommunen vurderer at ytterveggane allereie har ein god isolerende effekt samanlikna med dagens situasjon, og at ytterlegare påføring vil føre til tap av innvendig areal og redusert funksjonalitet for bustadføremålet. Den energimessige gevinsten ved å oppnå full forskriftsmessig U-verdi blir vurdert som avgrensa samanlikna med dei økonomiske og praktiske konsekvensane.

Når det gjeld golv på grunnen, er eksisterande golv uisolert og i dårleg stand. Det er planlagt å etablere ny påstøyp med 50 mm EPS-isolasjon, samt kombinert radon- og fuktsperremembran. For å oppnå full oppfylling av energikrava ville det vere nødvendig med omfattande inngrep i eksisterande konstruksjon, mellom anna opphogging av golv og utgraving av eksisterande massar. Kommunen vurderer at slike arbeid kan medføre risiko for påverknad av fundamenteringa og den konstruktive tryggleiken til det eksisterande tre etasjar høge bygget. Tiltaket vil også medføre vesentleg større kostnader og inngrep enn det som står i rimeleg forhold til energigevinsten.

Når kommunen vurderer fordelane ved tiltaket, legg ein særleg vekt på at tiltaket bidreg til å ta vare på og vidareutvikle eksisterande bygningsmasse i Brattvåg sentrum. Bruksendringa vil gi auka bustadtilbod utan ytterlegare arealbeslag og vil bidra til at eit areal som i dag har avgrensa bruksverdi, blir teken i bruk som bustad. Dette er i samsvar med overordna mål om effektiv arealutnytting og utvikling av eksisterande sentrumsmiljø.

Kommunen vurderer vidare at dei negative konsekvensane av unntaket er avgrensa. Den omsøkte løysinga inneber ei vesentleg oppgradering av bygningen gjennom mellom anna betre isolering, fuktsikring og radonsikring samanlikna med dagens situasjon. Det er ikkje vurdert at unntaket vil føre til uakseptable konsekvensar for helse, miljø eller sikkerheit.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at det er forsvarleg å gi delvis unntak frå TEK17 § 14-3, jf. plan- og bygningslova § 31-4. Det er lagt avgjerande vekt på bygningen sine eksisterande konstruksjonar, risikoen og kostnadene ved meir omfattande tiltak, samt fordelane ved å kunne oppgradere og ta i bruk eksisterande bygningsareal til bustadføremål.

Visuelle kvalitetar

I samsvar med plan- og bygningslova § 29-2 skal tiltak prosjekterast og utførast slik at dei, etter kommunen sitt skjønn, har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve og i høve til funksjon, plassering og samanheng med dei bygde og naturgjevne omgjevnadene.

Tiltaket gjeld bruksendring og innreiing av underetasjen i eit eksisterande bustadbygg, og inneber i hovudsak interne bygningsmessige tiltak. Dei ytre endringane knytt til tiltaket er avgrensa til ny inngang på austsida av bygget, samt tilkomst og biloppstillingsplass frå Arbeidargata. Bygget si eksisterande utforming, med panelkledning, saltak og vindaugssetting, vert i det vesentlege vidareført, og dei nye elementa er tilpassa den eksisterande arkitekturen med omsyn til materialbruk og detaljering.

Kommunen vurderer at dei omsøkte endringane er små samanlikna med bygget sitt totale volum og uttrykk, og at tiltaket difor ikkje endrar bygningen sin visuelle karakter i vesentleg grad. Bygget framstår framleis som godt tilpassa og harmoniserande med dei kringliggjande omgjevnadene, både i form, volum og materialbruk.

På denne bakgrunnen konkluderer kommunen med at tiltaket oppfyller krava til gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjon, plassering og samanheng med bygde og naturgjevne omgjevnader, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering:

Avstand til nabogrenser og andre bygg på eigedomen som vist på situasjonsplan.

Merknadar frå naboar og andre:

Merknadar frå eigar av gbnr. 328/984, Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi gjør oppmerksom på at eiendommen er berørt av vegtrafikkstøy fra fv. 659, og ligger i gul og rød støysone. Vi forutsetter at støyforhold blir utredet nærmere, og at det blir dokumentert at grenseverdiene for støy i T-1442 blir tilfredsstilt.

Kommentar frå ansvarleg søkjar

Støybelastning uteoppholdsareal:

Kriterier for støysoneinndeling er gitt i «Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T-1442» Tabell 1.

Under kolonne «Utendørs støynivå med støykilde veg» er det angitt følgende grenseverdier for gjennomsnittlig Lden (gjennomsnittlig støybelastning over døgnet «Level day-evening-night»)

Rød Sone Lden >65 dB

Gul Sone Lden >55 dB

Grenseverdien for stille del av uteoppholdsareal iht NS 8175:2012, NS 8175:2019 og T-1442

Tabell 2 med vei som støykilde, er angitt til Lden55 dB. Det innebærer at alle tilgjengelige arealer som ligger utenfor gul sone, tilfredsstiller støykravene til uteoppholdsareal.

Siden hele uteoppholdsarealet ligger utenfor gul sone er kravet til utendørs støynivå tilfredsstilt Innendørs støybelastning

Ytterveggene består av 400mm betong med 150 mm tilleggsisolasjon. 400 mm betong gir i seg sjølv et lydreduksjonstall (Rw) på ca. 68–70 dB. Kravet til minimum grenseverdi lydklasse C i NS 8175 er Rw på ca. 10 - 50 dB avhengig av utendørs støynivå. Byggverket tilfredsstiller lydklasse C i TEK 17 §13-6 angir at byggverk som tilfredsstiller lydklasse C, oppfyller kravene til lydforhold.

Videre fremgår det av T-1442 Tabell 2 at støynivå utenfor soverom natt kl 23-07 skal ligge innenfor

L5AF 70dB.

Statistiske maksimalt støynivå L5AF fra kortvarige hendelser for Brattvåggata 70;

- *Trafikkmengde (ÅDT):*
Brattvåggata er hovedåren gjennom Brattvåg sentrum. Trafikktall fra nærliggende tellepunkter (f.eks. ved Brattvåg sentrum) viser en ÅDT på rundt 3 000–5 000 kjøretøy.
- *Anslått L5AF fra trafikk:*
For en vei med fartsgrense 40–50 km/t vil maksimalstøy fra en personbil ligge rundt 70–75 dB ved kanten av veien. En tung lastebil eller buss kan danne topper på 80–85 dB.
- *Avstand:*

Brattvåggata 70 ligger i en avstand fra veiens senterlinje på ca. 5–10 meter. Dette betyr at fasaden inntil veien utsettes for L5AF verdier som ligger noe over 70 dB om natten hvis det passerer tunge kjøretøy. Tiltaket ligger under gatenivå og mest eksponerte fasade ligger i lydskygge (reduksjon 10 dB) mer enn 10m fra gata. Utendørs L5AF er derfor < 70dB.

Kravet til utendørs støynivå i nattperioden er derfor oppfylt.

Gjennomsnittlig støynivå over døgnet LDen (Level day-evening-night)

Utsatt del av fasade mot nord ligger i støyskygge ca 6 m inn i gul sone.

Lineær ekstrapolasjon mellom grenseverdien for rød sone 65dB og gul sone 55dB gir 62 dB støybelastning på gatenivå. Med 10dB reduksjon for lydskygge 2,5m under gatenivå, blir gjennomsnittlig støybelastning ved mest utsatt fasade 52 dB

Konklusjon

- *Støynivået ved utsatt fasade er LDen 52 dB < kravet på 55 dB*
- *Stille fasade som vender bort fra Brattvåggata har LDen <45 dB*
- *Boenheten er gjennomgående med tilgang til stille side*
- *Boenheten har tilgang til uteoppholdsareal som tilfredsstiller grenseverdiene i tabell 2 T-1442/2021*
- *Støynivået overstiger ikke LDen 55 dB utenfor halvparten av rom for varig opphold og minst ett soverom*
- *Støynivå på uteoppholdsareal overstiger ikke LDen 55 dB*

Tiltaket tilfredsstiller derfor alle støykrav.

Kommunen sin vurdering

Kommunen har vurdert merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune om at eigedomen er råka av vegtrafikkstøy frå fv. 659, og at eigedomen ligg i gul og raud støysone, saman med den utfyllande støyfaglege vurderinga frå ansvarleg søkjar.

Ansvarleg søkjar har dokumentert støyforholda med utgangspunkt i «Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2021) og NS 8175. For utandørs støynivå på uteopphaldsareal er det vist at heile uteopphaldsarealet ligg utanfor gul sone (LDen < 55 dB), og kravet til stille del av uteopphaldsareal er difor tilfredsstilt.

For innandørs støyforhold er det dokumentert at yttervegg av 400 mm betong med 150 mm tilleggsisolasjon gjev eit lydreduksjonstal (Rw) på om lag 68–70 dB, noko som langt overstig krava i NS 8175 lydklasse C. Kommunen legg til grunn at kravet i TEK17 § 13-6 om tilfredsstillande lydforhold dermed er oppfylt.

Vidare er det gjort ei nærare vurdering av statistisk maksimalt støynivå (L5AF) frå kortvarige hendingar i nattperioden, samt gjennomsnittleg støybelastning (LDen) ved mest utsette fasade. Ved bruk av avstandsdemping og lydskyggeeffekt frå terrenget er det sannsynleggjort at:

- *Utsett fasade (mot nord) har Lden ≈ 52 dB, som er under grenseverdien på 55 dB*
- *Stille fasade har Lden < 45 dB*
- *Bueininga er gjennomgåande, med tilgang til stille side for meir enn halvparten av rom for varig opphald og minst eitt soverom*
- *Uteopphaldsareal tilfredsstiller grenseverdiene i T-1442 tabell 2*

Kommunen finn at den framlagde støyfaglege dokumentasjonen er tilstrekkeleg til å sannsynleggjere at grenseverdiane i T-1442 vert tilfredsstilte, både for utandørs og innandørs støynivå. Vurderinga byggjer på erfaringstal for trafikkmengde og køyretøysamansetjing, og kommunen føreset at dei bygningsmessige løysingane som er lagt til grunn for utrekningane (mellom anna veggoppbygging og fasadeutforming), vert gjennomførte som skildra i søknaden.

På denne bakgrunnen legg kommunen til grunn at krava til støy i T-1442 og TEK17 § 13-6 er tilfredsstilte, og merknaden frå fylkeskommunen vert dermed vurdert som teke tilstrekkeleg omsyn til gjennom den framlagde dokumentasjonen.

Parkering:

I kommuneplanen for Haram er det fastsett krav om at det skal etablerast éin parkeringsplass i tilknytning til den nye sekundærbustaden. Administrasjonen vurderer at tiltaket tilfredsstiller desse krava i samsvar med planen.

Ansvar og uavhengig kontroll:

Vi har lagt til grunn at funksjonar og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendige ansvarsrettar.

Konklusjon

Søknaden godkjennast som omsøkt.

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i bystyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der. **Eventuell installasjon av eldstad skal meldast til kommunen ved bruk av digitalt skjema «Melding om installering eller endring av eldstad». Skjemaet er tilgjengeleg på heimesida til Haram kommune under *Bygg og bu – Brann, feiing og eigenberedskap – Feiing, eldstad og tilsyn med fyringsanlegg*.**

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/169» og gbnr. 328/204.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/169. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Chuyun Hu
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Ernestine Fanjara

Åsebøen 7

6017

Ålesund

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betydning for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestecområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36